

Høyring: Veivalg for fremtidig kirkeordning.

Svar frå Innvik sokneråd (sak 21/15)

6793 INNVIK

Spørsmål 1. Dei noverande oppgåver og fordeling av mynde mellom dei ulike nivå og organ, bør i hovudtrekk vidareførast.

Spørsmål 2. Ein bør behalde noverande finansieringsordning (1/3 stat, 2/3 kommune)

Spørsmål 3. Om finansieringsordninga vert endra, meiner vi at ei livssynsavgift over skattesetelen best vil ivareta ei brei folkekyrkje. Då vert det og likt for alle trusamfunn.

Spørsmål 4. Vi trur at noko større fellesråd vil forenkle og gje betre utnytting av ressursane.

Spørsmål 5. Soknet bør framleis vere grunnleggande eining. Kriterier for å slå saman sokn bør kome «nedanfrå».

Spørsmål 6. Ordninga med to organ for soknet bør vidareførast.

Spørsmål 7. Fellesråd for fleire(alle) sokn på kommunenivå bør vidareførast. Med tanke på framtidig kommunesamanslåing, bør fellesrådet ikkje bli større enn området for noverande prosti.

Spørsmål 8. Bør vere høve til lokale variasjonar, men soknerådet bør som hovudregel ha ansvar for arbeidet i soknet.

Spørsmål 9. Det som skjer i soknet bør vere styrt/leia av soknet sine organ.

Spørsmål 10. Prost/prest fagleg leiar (vigsla stilling under biskopen). Kyrkjeverja administrativ leiar.

Spørsmål 11. Biskopen bør vere føre tilsyn med alle dei vigsla tilsette. Han bør vere sentral i tilsetjingar.

Spørsmål 12. Tilsetjingsbrev vil gjere det greitt å føre tilsyn.

Spørsmål 13. Biskopane bør veljast.

Spørsmål 14. Bispedømmerådet bør vurderast ut frå det som blir bestemt om arbeidsgjevarnivå.

Spørsmål 16. Det bør vere eit felles arbeidsgjevarnivå.

Spørsmål 17. Arbeidsgjevvarfunksjonen bør vere på eitt organ.

Spørsmål 18. Det bør vere i svært liten grad vere høve til å ha lokale variasjonar i organiseringa av arbeidsgjevaransvar.

Spørsmål 19 . Særpreget til prestetenesta, og andre vigsla teneste, bør ivaretakast ved at kvar stilling har ei formulering som tydeleg seier kva som er stillinga sine oppgåver.

Spørsmål 20. Dagens ordning bør vidareførast.

Spørsmål 22. Samordning må vere den sentrale oppgåva.

Spørsmål 23. Bispemøtets preses bør leie biskopane.

Spørsmål 24. Same samansetning som i dag.

Spørsmål 27. Det Kyrkjelege ungdomsdemokrati må regelfestast som ein del av kyrkjeordninga.